



Saksmappe: 2020/273
Sakshandsamar: SLS
Dato: 12.06.2023

SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
	Plan, miljø- og ressursutvalet	19.06.2023

Vurdering av nye byggeområde og uregulerte gjeldande fritidsbustadområde til ny arealdel

Kommunedirektøren si innstilling:

Plan-, miljø- og ressursutvalet som styringsgruppe for kommuneplanen sin arealdel

- vedtar anbefalingane i vedlegg *Samanstilling KU anbefaling 110623*, og ber om at desse blir innarbeidd i planforslaget.
- vedtar at dei områda i kommuneplanen 2011-2022 som er avsett til fritidsbustad og ikkje er påbegynt eller ferdig regulert i heieområda, blir tatt ut i samband med revideringa.

SAKSUTGREIING

Saksvedlegg

Vedlegg:

- 1 Samanstilling KU anbefaling 110623
- 2 KU KPA Rapport 2023 datert 11.06.23

Saksvedlegg som ligg på heimesida

Store saksvedlegg blir lagt under «Politikk» og «Dokument og linkar til politisk arbeid» på kommunen si nettside www.bygland.kommune.no

Til denne saka er det følgjande slike vedlegg:

Ingen

Bakgrunn for saka

Bygland kommune skal revidere kommuneplanen sin arealdel, med sikte på endeleg vedtatt arealdel innan utgangen av denne valperioden. I sak 6/22 vedtok PMR som styringsgruppe

for kommuneplanen sin arealdel, kva for arealinnspelet det var behov for ytterlegare kunnskap om for å ta stilling til om dei skulle bli anbefalt innarbeidd i planforslaget eller ikkje. Desse arealinnspele er konsekvensutgreia med anbefaling om dei skal med i det vidare planarbeidet.

Formelt grunnlag

Plan- og bygningslova §§ 4-2 og 4-3
Forskrift om konsekvensutredninger

Vurderingar og konsekvensar

Administrasjonen har gjennomført konsekvensutgreiing inkl. risiko- og sårbarheitsanalyse av innspel til ny eller endra arealbruk som vart vedtatt tatt med vidare etter grovsilinga.

Merk at innspel 93 som vart tatt ut i grovsilinga fordi det vart vurdert i arbeidet med områderegulering for Ose bygdesenter, er tatt inn att i planarbeidet med bakgrunn i at området er såpass stort at det er fornuftig å at det inngår i den samla vurderinga av framtidig arealbruk på kommuneplannivå.

Resultat av KU

Følgjande innspel som var med vidare etter grovsilinga er ikkje konsekvensutgreia. Grunngeving er gitt under:

- Vidareføring av formålsområde frå gjeldande kommuneplan 2011-2022
 - 87 – bustadområde ved Årdal kyrkje
 - 70 – fritidsbustadområde på Haugetveit
 - 59 – tre fritidsbustadområde på Grendisheia
 - 42 – to råstoffutvinningsområde på Haugetveit og Vikli
 - 36 – råstoffutvinningsområde på Sordal
 - 33 – fritidsbustadområde ved Reiårsvatn

- Detaljregulering er gjennomført og vedtatt
 - 18 – Råstoffutvinningsområde i Grendi

Vidareføring av formål frå kommuneplan 2011-2022 krev ikkje konsekvensutgreiing.

Vedlegget *Samanstilling KU anbefaling 110623* syner samanstilling av resultatet av konsekvensutgreiinga, og kva dei samla faglege vurderingane anbefalar med omsyn til om innspelet bli innarbeidd i planforslaget.

Vedlegget *KU KPA Rapport 2023 datert 11.06.2023* er fullstendig konsekvensutgreiingsrapport. Rapporten er ikkje endeleg ferdigstilt, men eventuelle endringar vil vere av mindre karakter.

Kartløyising

Det ligg fleire lag i kartløyisinga som syner formålsområda som er spelt inn og vurdert. Her er lenka til kartløyisinga https://kommunekart.com/klient/setesdal/politikar_bygland

Den inneheld følgjande kartlag:

- **Kplan_2023_2035_Omsynssoner**
 - Syner omsynssoner som er anbefalt tatt inn i planen (under arbeid)
- **Kplan_2023_2035_Nye_formaal**
 - Syner nye formål som er anbefalt tatt inn i planen jf. KU
- **Kplan_2023_2035_Gml_formaal**
 - Syner formål som blir vidareført frå gjeldande kommuneplan
- **Kplan_2023_2035_KU_innspel**
 - Syner innspel som er konsekvensutgreia
- **Kplan_2023_2035_Innspel_Alle**
 - Syner alle innspela

Framtidige fritidsbustadområde

I gjeldande kommuneplan 2011-2022 er det avsett ca. 21 000 mål til framtidig fritidsbustadområde jf. Agder fylkeskommune si digitale løysing for arealrekneskap. Ein stor del av areala ligg i heieområda og med avstand til infrastruktur. Ei utbygging i desse områda vil generere nedbygging av urørt natur og moglegvis auka motorferdsel i utmark. I gjeldande reguleringsplanar er det ein reserve på ca. 550 hyttetomter. Denne tomtereserven dekker kommunen sitt behov i planperioden i stor grad. Bygland kommune ønskjer å satse på utvikling rundt Byglandsfjorden og bygge på kvalitetane som ligg i bygdene og grendelaga.

Med dette som grunnlag anbefaler vi å ta ut dei områda av planen som er avsett til fritidsbustad og ikkje er påbegynt eller ferdig regulert i heieområda. Framtidige område avsett til fritidsbustad i kommuneplan 2011-2022 langs Byglandsfjorden/Otravassdraget blir tatt med i planen.

Bygland, **11.06.2023**

Kommunedirektør

Grøn – innspelet er anbefalt teke inn i arealdelen
 Raud – innspelet er IKKJE anbefalt teke inn i

Samanstilling av konsekvensutgreiing med anbefaling pr. 11.06.2023

Nr	Område	Formål	KU-nr og namn	Beskriving	Kommentar	Anbefaling
1	B01	Bustad	49 – Grendi	Etablering av nytt bustadområde. Talet på einingar er avhengig av godkjent areal og bustadtype.	Auka busetting blir vurdert som viktigare enn eventuell dyrkings- og beitemark.	
2	B02	Bustad	91-Lauvdal	Sør for Lauvdal ligg Odden og der er det spela inn 1-2 bustadar alt. fritidsbustadar og båtbyggje.	Vidareføring av arealformål bustad i strandsoneplanen.	
3	B03	Bustad	98 - Sandnes	Innspelet om at 2 stk bustadtomter.	Auka busetting blir vurdert som viktigare enn dyrka mark. Omsyn til nærleik til eksisterande infrastruktur.	
4	B04	Bustad	101 - Vassend	Bustadområde etter innspel frå grunneigarane. 2 einingar.	Utfordrande med tanke på VA-infrastruktur.	
5	B05	Bustad	102 – Frøysnes	Rv9 er i prosess med å bli lagt om i området. Det inneber mogleg riving av nåverande bygningar på oversida av vegen. Tilrettelegging for busetnad. 2 einingar.	Naturfare.	
6	B06	Bustad	108 – Bygland sør	Utviding av tidlegare regulert bustadfelt. Fjordnære bustadtomter.	Utviding av tidlegare regulert bustadfelt.	
7	B07	Bustad	140 – Byglandsfjord sør	Utvikling av framtidig bustadområde. Innspelet frå grunneigar.	Ingen teknisk infrastruktur. Krav om g/s-veg.	
8	-	Bustad	107 – Lauvdalsodden	Utvikling av område med fjordnære bustadtomter.	Grunneigar ønskjer ikkje endra arealbruk.	
9	-	Bustad	130 – Neset	Utvikling av område med fjordnære bustadtomter.	Kulturminne. Utfordrar dyrka mark.	
10	B08	Bustad	168 – Jordalsbø	Etablering av 2-3 bustader.	Ingen teknisk infrastruktur.	
11	FB01	Fritidsbustad	22 - Likferdsodden	Etablering av fritidsbustadområde (5 stk. hytter). Det ligg ei hytte i området i dag. Eigaren av hytta er kjent med innspelet.	Sikker avkøyrsløse frå rv9 og parkeringsplass.	
12	-	Fritidsbustad	51 – Langeid	Innspelet om område til fritidsbustader (83 daa). Det er i dag 2 hytter i området, med ønskje om eit tillegg på 5 hytter.	Konflikt med nasjonalt villreinområde. Utnytte reservane som ligg i gjeldande reguleringsplanar	
13	FB02	Fritidsbustad	65 - Søjordet	Innspelet om fritidsbustader og bryggje/båthus. Innspelet om at BK bør gjennomføre utgreiing av skredfare nedanfor alle off. vegar.	Naturfare.	
14	-	Fritidsbustad	89 – Hovatn	Innspelet gjeld utviding av hytteområde som ligg i gjeldande kommuneplan (1292 daa). Heile området vart spela inn til gjeldande kommuneplan, men området vart avgrensa til arealet som ligg i planen. Det er også spela inn mogleg etablering av eit mindre skitrekk i område	Utnytte reservane som ligg i gjeldande reguleringsplanar.	
15	FB03	Fritidsbustad	91 – Lauvdal	Innspelet om detaljregulering av 8-10 nye fritidsbustadar og etablering av bryggenlegg og badestrand.	Mogleg interessekonflikt grunna nærleik til område avsett til bustad.	
16	LNF	Friluftsområde	86.1 – Storetraumen	Innspelet om klatreområde m. sti og parkering. Det er søkt om vern av skog i det same området, og grunneigar ønskjer ikkje at klatreområdet skal kome i konflikt med eventuelt vern.	Ta omsyn til eksisterande leirduebane. Friluftsmål som er ein del av LNF.	
17	LNF	Friluftsområde	86.2 – Ellingstjønn	Innspelet om klatreområde m. sti og parkering. Det er søkt om vern av skog i det same området, og grunneigar ønskjer ikkje at klatreområdet skal kome i konflikt med eventuelt vern.	Friluftsmål som er ein del av LNF.	

18	FTU01	Fritids- og turistformål	66 – Mele	Innspel om etablering av to zipliner, ei for born (40m) og ei for vaksne (200m). Riggplass (200m ²) på startpunktet ved eksisterande rundkøyring og endepunkt (50m ²) for kvar av linene. 1100m trase for ATV (tilkomst born, returrute vaksne og naudsituasjonar).	Naturfare.	
19	FTU02	Fritids- og turistformål	64 – Nånes	Innspel om plassering av flytande hytter for utleige (10x500 m ²). 10 stk flytande hytter, som har terrasse, stupetårn og 2 båt plassar. Tiltaket er "flytande", slik at ev. flaumstigning i Byglandsfjorden er handterbar. Forslagsstillar ser ein marknad for nye og innovative kategoriar av overnatting og fritidsbustadar.		
20	FTU03	Fritids- og turistformål	84 - Lundestøylen	Innspel om å avsette område til tretopphytter. Tretopphytter er eit nytt marknadssegment som ikkje er utnytta innanfor "Destinasjon Setesdal".	Sjåast i samanheng med FTU01 og FTU02.	
21	FTU04	Fritids- og turistformål	85 – Gasnes	Innspel om plassering av flytande og flyttbare hytter for utleige (3x500 m ²). 3 stk flytande hytter, som har terrasse, stupetårn og 2 båt plassar. Kvar "tomt" er 500 m ² . Tiltaket er "flytande", slik at ev. flaumstigning i Byglandsfjorden er handterbar. Det er marknad for nye og innovative kategoriar av overnatting og fritidsbustader.		
22	FTU05	Fritids- og turistformål	103 – Storestraumen	Grunneigar ønskjer å utvide næringsformål som ligg i gjeldande kommuneplan som ei framtidig utviding av campingdrifta på eigedomen.	Tap av produktiv skog. Naturfare.	
23	FTU06	Fritids- og turistformål	11 - Longeraksstrondi	Etablering/justering av område for vidareutvikling av utleigehytter til å samsvare med gjeldande arealbruk. Fortetting med fleire hytter og båtaust.	Ingen teknisk VA-infrastruktur.	
24	RU01	Råstoffutvinning	44 – Hækni	Innspel om masseuttak. Massetaket er ikkje opna.	Fare for forurensing av grunnvatnet. Avgrense – omfatte område mellom rv9 og fjellsida.	
25	RU02	Råstoffutvinning	63.1 – Eislandsmoen	Store delar av området er nydyrka. Noko skogsareal, Området ligg mellom fv9 og Otra, og er lett tilgjengeleg. Det er eit eksisterande masseuttak like inntil området på vestsida.	Utfordrar jordvernet.	
26	RU12	Råstoffutvinning	63.2 - Hæknineset	Innspel om vidareføring og utviding av masseuttak.	Utfordrar jordvernet. Ta omsyn til grunnvasstanden. Avgrense – ikkje utviding mot Otra.	
27	RU03	Råstoffutvinning	78 – Budalen	Innspel om vidareføring og utviding av masseuttak.	Vidareføring av eksisterande masseuttak. Ikkje i gjeldande plan.	
28	RU04	Råstoffutvinning	88 – Hovatn	Området er eksisterande masseuttak. Det er spela inn ei utviding av området.	Utviding av eksisterande masseuttak. Kommunal veg er beresvak.	
29	RU05	Råstoffutvinning	90.1 – Bjånes	Innspel om vidareføring og utviding av masseuttak. Masseuttaket er også foreslått brukt som massedeponi	Utviding av eksisterande masseuttak. Fare for forureining av grunnvatnet.	
30	RU06	Råstoffutvinning	90.2 - Urdviki	Innspel om vidareføring og utviding av masseuttak.	Utviding av eksisterande masseuttak. Fare for forureining av grunnvatnet.	
31	RU07	Råstoffutvinning	129 - Skomemonen	Innspel om næringsareal	Utnytte resterande råstoff i tilknytning til eksisterande masseuttak.	

32	NÆ01	Næringsverksemd	26 - Stamsnes	Etablering av næringsareal (båtlager). Båtane skal kunne trekkast opp frå fjorden og direkte inn i båthuset. Opplagsplass på land for vinterlagring under tak er mangelvare i kommunen	Utvide formålsområdet. Risiko og sårbarheit (brann).	
33	NÆ02	Næringsverksemd	68 – Bø	Etablering av atelier for utleige til kunstnarar og til eige bruk.	Tap av beiteareal.	
34	NÆ03	Næringsverksemd	127 – Kroknes	Området er ønskja nytta til landbasert oppdrett av bleke. Det blir planlagt produksjon av matfisk. Anlegget er tenkt tilrettelagt for å kunne ta i mot publikum for visning av produksjon. Utfylling i fjorden er med tanke på å auke arealet og med det produksjonspotensialet. Oppdrettsanlegget er tenkt bygd som eit resirkuleringsanlegg. Før forslagsstillar søkjer om konsesjon på landbasert oppdrett av bleke, er det ønskjeleg å avklare arealbruken. Det vil bli søkt om utsleppstillating som ein del av konsesjonssøknaden	Nærleik til friluftsområde.	
35	NÆ04	Næringsverksemd	40 – Nesmoen sør	Området ligg nærme rv9, eksisterande massetak og skytebane. Det er ein bygning innafor området som opprinneleg var etablert som vegstasjon. Området på vestsida av rv9 er i strandsoneplanen regulert til bustadområde. Det er fritidsbustadar i dette området i dag.		
36	NÆ05	Næringsverksemd	141 – Jørundli	Forslag om utvikling av enten næring/industri eller fritidsbustadområde.	Ingen kommunal infrastruktur.	
37	NÆ06	Næringsverksemd	128 – Nesmoen aust	Auka tilgang på næringsareal i nærleiken til Nesmoen næringsområde.	Naturfare.	
38	LNF	Idrettsanlegg	100 - Bygland	Innspelet er basert på motteke søknad om spelemidlar til etablering av discgolfbane.	Avgrensar skogsdrifta noko. Foreslått formål blir LNF.	
39	-	Idrettsanlegg	118 - Heistad	Betre til rettelegging av eksisterande ljosløype. Lysløypa er eigd av idrettslaget, men kommunen har dekkja kostnadane med drift og forvaltning. Ein organisatorisk gjennomgang har vore ein fordel. Grunneigaravtalar må bli fornya	Utfordrande snøforhold	
40	-	Idrettsanlegg	119/149 – Bygland	Betre til rettelegging av eksisterande ljosløype. Mogleg kombinasjon med sykkelløype. Det er usikkert om det er gjeldande grunneigaravtalar.	Utfordrande plassering og snøforhold	
41	-	Idrettsanlegg	122 – Nesmoen	Innspel om å nytte området til enduro/trial i regi av Bygland IL. Området skal vere tilgjengeleg for å kunne nyttast av allmennheita i tråd med NMF sin reglar og retningslinjer. Det er ikkje tenkt større inngrep eller opparbeiding av terreng i området. Lause hinder og rydding av skog er aktuelt. Det er aktuelt med utviding av parkeringsarealet ved dagens skytebane og moglegheit for å sette opp eit mindre lagerbygg i tilknytning til dette. Eksisterande avkøyring til skytebanen vil bli nytta etter avtale med grunneigar.	Utfordrande med nærleik til eksisterande verksemd og fleire registreringar i naturbasa.	
42	IDR01	Idrettsanlegg	139 - Ellingstjønn	Etablering av ny skytebane som skal erstatte dagens skytebane ved Nesmoen og leirduebane ved Storestraumen.	Tap av produktiv skog. Ingen teknisk VA- infrastruktur. Nærleik til hytteområde (støy).	

43	KBA01	Kombinert bygge- og anleggsformål (bustad/fritidsbustad)	93 - Austadneset	Formål om heilskapleg tilrettelegging for anslagsvis 15 fritidsbustadar. Etablering av leikeområde. Positive til å ivareta dyrka mark. Det kan vere aktuelt å nytte ein avgrensa del til anslagsvis 10 bustadtomter i tilknytning til jordbruksarealet. Det er også aktuelt å legge til rette for eit felles kontorlokale til utleige for fastbuande og hyttefolk. Tilrettelegging av turstiar, friluftsområde og parkering.	Større utviklingsområde. Rører ved dyrka mark og kulturminne.	
44	KBA02	Kombinert bygge- og anleggsformål (bustad/næring/grønstruktur/idrett)	113 – Byglandsfjord	Transformasjon frå industri.	Eit tydeleg skilje mellom bustad og industri er viktig for å unngå konflikt.	
45	KBA03	Kombinert bygge- og anleggsformål (næring/idrettsanlegg/friområde)	29 – Kvålsmoen	Etablering av næringsareal (lagring av tømmer).	Ligg nærme idrettsanlegg. Utvide – inkludere 36/29 og heile området mellom vegane. Kombinert formål.	
46	-	Andre typar bygg og anlegg (tilsigsmagasin for vasskraft)	71 – Gytjønn	Innspel om etablering av tilsigsmagasin for småskala vasskraft. 1 tømmerdam. 6 meter magasinheving mellom kote 563 og 569. Tiltaket må konsesjonssøkjast etter vilkåra i Vassressurslova.	Legg beslag på stort areal. INON-område.	
47	ABA01	Andre typar bygg og anlegg (solkraftverk)	80 – Skjevraak	Etablering av solkraftanlegg med tilhøyrande kraftkabel i luftline på trestolpar. Solpanel veg 18 kg pr stk. og skal stå på aluminiumsstativ på bakken. Ikkje inngrep i terreng. Stativa blir flydd opp med helikopter. Kabel ned til eksisterande traktorveg som luftline. Deretter grove ned langs traktorveg ned til eksisterande småkraftverk og tilknytning der. Det er ikkje trong for veg opp, vedlikehald og ettersyn blir gjort til fots.	Konsesjonsbehandling	
48	ABA02	Andre typar bygg og anlegg (flaumkanal/vasskraftverk)	81/37 - Storetraumen	Innspel om etablering av eit tredje løp for flaumsikring og vasskraftproduksjon	Nærleik til kommunalt vassinntak.	
49	ABA03	Andre typar bygg og anlegg (solkraftverk)	82 – Lyngnes	Etablering av solkraftanlegg.	Beslaglegg produktivt skogsareal.	
50	ABA04	Andre typar bygg og anlegg (vasskraftverk)	57 - Kvålsåna	Etablering av vasskraftverk.		
51	ABA05	Andre typar bygg og anlegg (vasskraftverk)	67 – Sandvatn	Etablering av vasskraftverk. Området er delvis LNF-område og delvis framtidig fritidsbustadområde i tillegg til at det ligg som framtidig vasskraftverk i gjeldande kommuneplan, men med ein litt annan trase. Altså ei tilnærma vidareføring frå gjeldande plan. NVE har gjort vedtak på at tiltaket er konsesjonspliktig		

52	-	Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	28 – Haugetveit	Det er skilt i frå to eigedomar, 23/2 og 33/13 som opprinneleg vart bygd for dagsparkering i samband med vinterutfart. Innspel om endring av føresegn for offentleg område for dagparkering til kombinert dag- og langtidsparkering på bakgrunn av lite bruk i forhold til arealstorleik.	Statleg sikra friluftsområde som skal vere off. tilgjengeleg.	
53	P01	Parkering	105 – Tangen	Området blir nytta til parkering i dag (spesielt vinter). Tilrettelegging for bruk av turområde.	Sjå storleiken på arealet med omsyn på talet på hytter (dagens og framtidige).	
54	P02	Parkering	132 – Rakkenes	Utviding av parkeringsareal som ligg i gjeldande strandsoneplan.	Utviding av eksisterande område.	
55	P03	Parkering	135 - Åraksbø	Området ligg mellom fv3804 og dyrka mark i nærleiken av etablert båtbyggje. Det er fast busetnad og fritidsbusetnad i nærleiken. Området er i eit kulturlandskap med fjorden på nedsida.	Nøyaktig avgrensing av nærliggande infiltrasjonsanlegg.	
56	-	Parkering	138 – Åraksbø	Behov for parkeringsareal for Sandnes kyrkje. Det er etablert bruk som opplagsplass for landbruksutstyr og avkøyring til dyrka mark.	Grunneigar ønskjer ikkje endra arealbruk.	
57	-	LNF spreidd fritidsbustad	31 – Hovatn	Ønskjer å endre formål for hyttetomt til LNF spreidd fritidsbustad. Administrasjonen foreslår å vurdere å sette av eit større område som LNF spreidd fritidsbustad.	Overordna føring om at LNF spreidd ikkje er tatt med i planarbeidet.	
58	-	LNF spreidd fritidsbustad	93 – Hovatn	Innspel om å legge til rette for 2 hytter ved å avsette området til LNF spreidd fritidsbusetnad. Området er ein del av område for framtidig fritidsbusetnad i gjeldande kommuneplan.	Overordna føring om at LNF spreidd ikkje er tatt med i planarbeidet.	
59	SH01	Småbåthamn	91-Lauvdal	Sør for Lauvdal ligg Odden og der er det spela inn 1-2 bustadar alt. fritidsbustadar og båtbyggje.	Nytt formål for båthamn.	
60	SH02	Småbåthamn	65 - Sjøjordet	Innspel om fritidsbustader og byggje/båthus. Innspel om at BK bør gjennomføre utgreiing av skredfare nedanfor alle off. vegar.	Naturfare.	
61	SH03	Småbåthamn	91 – Lauvdal	Sør for Lauvdal ligg Odden og der er det spela inn 1-2 bustadar alt. fritidsbustadar og båtbyggje.	Mogleg interessekonflikt grunna nærleik til område avsett til bustad.	
62	SH04	Småbåthamn	91 – Lauvdal	Innspel om detaljregulering av 8-10 nye fritidsbustadar og etablering av brygguanlegg og badestrand.	Mogleg interessekonflikt grunna nærleik til område avsett til bustad.	
63	SH05	Småbåthamn	15 – Bø	Innspel om å flytte området for båthamn/bryggje mot eigedomsgrense i sør grunna betre le mot vinden.	Gjeld justering av plassering. Ligg i strandsoneplanen.	
64	SH06	Småbåthamn	47 – Grendi	Etablering av offentleg båthamn i Grendi sentrum. Området er offentleg eigd.	Utvide – gjeldande odde og odden på nordsida med formål friområde og båthamn.	
65	SH07	Småbåthamn	47 – Grendi	Etablering av offentleg båthamn i Grendi sentrum. Området er offentleg eigd.	Utvide – gjeldande odde og odden på nordsida med formål friområde og båthamn.	
66	SH08	Småbåthamn	93 - Austadneset	Tilrettelegging for småbåtanlegg for fastbuande og besøkjande. Det er ei form for led rett på utsida av der bryggjeområde er tenkt. Her er det båttrafikken går, grunna dei store sandbankane i tilknytning til Osefeti. Av den grunn er det vurdert slik at det er betre med eit bryggjeanlegg langs land, men med bryggje ut over vatnet, og med tilhøyrande utliggarar for båtar å ligge langs.		

67	SH09	Småbåthamn	135 – Åraksbø	Området blir nytta som båtbryggje i dag. Det er lett tilgjengeleg for fastbuande og tilreisande.		
68	SH10	Småbåthamn	135 – Åraksbø	Området blir nytta som båtbryggje i dag. Det er lett tilgjengeleg for fastbuande og tilreisande.		